



Det er navnet ditt jeg roper, vil du følge meg? Vil du trå i mine fotspor på en ukjent vei? Vil du kjennes ved mitt navn, vil du møte sorg og savn, vil du hvile i min favn og la meg bli hos deg? (NS 434)

Nr. 3

61. årgang

Høst 2020



Andakt

Dei spesielle utfordringane Den norske kyrkja har, heng saman med det som er den store styrken til kyrkja: Ho famnar vidt – og er til stades over alt der medlemmene er.

Som for alle kyrkjer i verda er folkekyrkja si fremste utfordring å formidle evangeliet, slik at vi får tillit til den gode Gud som har gitt oss livet og opnar oss for den nåde og kjærligkeit vi får gjennom Jesus Kristus. Kyrkja må få fram det store i å vere eit menneske slik vi er og der vi er, og gi mot til å bidra til det beste for andre og for den eine verda vi lever i.

Formidle kjærliken som kan vekke håp og tru

Medlemmene må difor bli bekrefta i at dei tilhører kyrkja, fordi dei er døypete, ikkje ut frå kor mykje eller lite ein trur. Samtidig er det ei stor utfordring å formidle meiningsa og rekkevidda av dåpen. Denne sakramentale forståinga av kyrkja legg vekt på at relasjonen til

Gud er ei gave. Kyrkja kan på sitt beste bekrefte dette på mange måtar gjennom livsløpet til eit menneske. Rikdomen i den kristne trua kjem til uttrykk i Bibelen og den kristne tradisjonen, i gudstenester, bønner, i dåp og nattverd, i viktige livsritar, at vi har heilage hus og stader, i musikk, i symbol og biletar, i forteljingar og meir slikt. Difor er det ei stor utfordring for folkekyrkja om medlemmene ikkje lenger kjenner eller har eit forhold til desse knaggane for trua. Dei kan forsvinne dersom nye generasjonar ikkje blir døypete eller ikkje får kontakt med det kyrkja formidlar og inviterer til.

Det er difor ei viktig utfordring for trusopplæringa å formidle kjærliken som kan vekke håp og tru i møte med livets mange utfordringar, og at dette er knytt til noko som blir kjent og kjært, og som ein kan forholde seg til og som ein kan vekse i gjennom heile livet.

Det er rom og bruk for deg

Det er ei stor utfordring at forholdet til religion generelt og til kyrkja i vår samanheng blir mykje knytta til kva ein meiner, eller kor aktiv ein er. Det er uheldig dersom forholdet til kyrkja og til religion generelt vert definert med mest vekt på slike spørsmål. Då vert definisjonen av å høre til i kyrkja problematisert på ein uheldig måte – av andre og kanskje av ein sjølv, utan grunn.

Som medlemmer i folkekyrkja skal vi bli utfordra på ein god måte til å følge Jesus gjennom livet, til å ikkje leve for oss sjølle, men for andre. Folkekyrkja skal også utfordre samfunnet for øvrig, når det trengst. Det skal vere tydeleg at det er rom for deg i kyrkja. Men folkekyrkja må også formidle at det er bruk for deg, slik at det kan bli meir himmel på jord.

**Olav Fykse Tveit
Preses**



VANG KYRKJE

Tyinvegen 5145
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Helge Lajord
Kyrkjetenar: Ola Bøland
Soknerådsleiar: Rita Helen Dalemark
rita.helen.dalemark@vang.kommune.no

HEENSÅSEN KYRKJE

Hensåsvegen 300
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Solveig Heimlid
Kyrkjetenar: Tore Hovda
Kyrkjeverje: Håkon Berge
Soknerådsleiar: Steinar Frøyen
steinar.froyen@gmail.com

ST. TOMASKYRKJA

Filefjellvegen 715
2978 Tyinkrysset

Klokkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Olav Bøland

HØRE STAVKYRKJE

Hørevegen 350
2973 Ryfoss

Klokkar: Geir Kongslien
Kyrkjetenar: Andris Veflen
Kyrkjeverje: Andris Kjøs
Soknerådsleiar:
Marta Bjørnøy Lalim
martalalim@gmail.com

ØYE KYRKJE OG

ØYE STAVKYRKJE
Øyevegen 130/135
2977 Øye

Klokkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Olav Bøland
Kyrkjeverje: Ove Trøen
Soknerådsleiar: Torild Øye
torild1707@gmail.com

TILSETTE:

Sokneprest:
Ingebjørg Vik Laugaland
Tlf. 926 53 320
e-post: i1597@kirken.no
Kontakttid på Drengestøga:
tirsdag til fredag kl. 09.00-15.00.

Kyrkjekontoret på Kommunehuset
Dagleg leiar: Guro Hovda
Sekretær: Jovita Budvytiene
Tlf: 61 36 95 90
e-post: gh575@kirken.no
Kontortid: 08.30-15.30

Kantor i alle kyrkjer: Arthur Büdvytis
Kyrkjegardsarbeidar ved alle kyrkjer:
Nils Bjarne Wangensteen
Tlf: 926 67 124

Felles e-post: post.vang@kirken.no

Sommeren er over og høsten har tatt over farger og temperatur. Det kan virke som at alle er fornøyd med kirkegårdssstellet fra vår side denne sommeren, og jeg ser at mange følger godt opp med blomster og stell.

Kirkegården om vinteren

Nå når alt visner ned på kirkegården er vi ikke der så ofte lenger, men mange tenner lys på gravene på merkedager. Da vil jeg minne om å bare bruke lys som er beregna på kirkegårder (f.eks gravlys eller stearinlys i glass) og at du rydder det vekk når det er utbrent. Det er så stusselig når slike blåser utover når vinden kommer. Dette gjelder selvsagt også annen løs pynt.

Skeive gravstøtter

Jeg får også spørsmål om hvem som retter opp gravstøtter når de er skeive. Alt som har med gravstein og blomsterbed å gjøre er festers ansvar. Men hvis du trenger hjelp må du si fra, så hjelper vi gjerne, men da sender vi en faktura for arbeidet.

Omvisning i Høre stavkyrkje

Denne sommeren valgte vi å stenge Øye stavkyrkje for omvisning. Stavkirken har trange dører og høye dørstokker og det betyr at da MÅ vi holde i dørkarmen når vi går gjennom døra. Materialene i stavkirken er grove og vanskelig å kunne holde reint nok, og da er smittefarene der. Dessuten er



kirken liten, og det kan være vanskelig å overholde «meteren». MEN: Høre stavkyrkje var desto mer åpen, - 6 dager i uka. Besøket der har vært godt, og vi får stadig gode tilbakemeldinger om de gode omviserne Bergljot Oldre og Knut Kampen Framstad. De er gode formidlere og historieinteresserte, og dermed interessante omvisere.

Guro Hovda

Presteliv på prærien

Denne gongen vil eg ta dykk med til korleis prestelivet på prærien starta, og kva som møtte meg då eg skulle gå på gudsteneste.

Det var ingen jobb som venta då me flytta til USA. Bill, som eg var gift med, har rett nok sin familie i Savannah, GA, men me var på veg til Vestkysten der me hadde eit bispedømme i kikkerten - Eastern Washington - Idaho Synod, med byen Spokane, WA som sentrum. Der kjende me biskopen og kona og nokre ganske få andre.

Eg hugsar eg vart invitert på biskopen sine stiftsdagar, som er ei samling for alle med tillitsverv og alle prestane i bispedømmet, omtrent 4-500 personar, frå Seattle i vest til Idaho i aust. Eg kunne namnet på to personar som eg kjende til litt, men ingen visste kven eg var. Eg var der for å prøve å få meg ein presteboppel, så det var berre å setje i gong. Men korleis?

Det vart brått svært klart for meg at namnet mitt er langt og vanskeleg å både uttale og hugse, og at eg ikkje hadde morsmålet mitt å støtte meg på, heller ikkje referanser til felles kjende, berre biskopen, og han kjende jo alle, det var han som inviterte.

Kven eg var, kva eg kunne eller

interesserte meg for var det opp til meg å presentere - på eige initiativ. Utdanninga mi er internasjonal frå fleire kontinent, men detaljane sa dei lite. Så også på dette området var det lite å hente. Heldigvis er amerikanarar generelt imøtekommande og gode på small talk, så innsatsen min gav resultat, og etter ei tid med ulike tilbod, takka eg ja til kall (jobb) i Good Hope Lutheran Church.

Mange gonger seinare har eg tenkt på utlendingar som kjem til Norge. Dei kan nok kjenne på noko av det eg kjende på den gongen. Dei kan ha både gode referansar, trygge nettverk og akademiske grader utan at ein av oss oppfattar det. Nettopp dette vil være eit tap for alle parter, slik eg ser det.


Den andre overgangen som overraska meg dukka opp på gudsteneste. Spokane er ein by omtrent på størrelse med Oslo, så det var mange slag kyrkjer å velgje mellom. Me gjekk til gudsteneste kvar søndag på leit etter ei kyrkje å høyre til i medan eg var arbeidssøkande. Somme stader var musikken bra, andre plasser var preika god, ennå andre virka som dei hadde kjekke folk å være saman med. Men det ingen av dei kunne hjelpe meg med var at sjølv gudstenesta var framand, Fadervår på eit anna språk, liturgien ukjent. Kun «amen» og «halleluja» var like. Eg forsto jo at det måtte være slik, dette var jo eit anna land, men det

overraska meg likevel at det traff meg så hardt - at eg sakna liturgien eg var vane med, fordi den gjorde meg trygg. Den gjorde noko godt for meg.

Det tok si tid å både lære, bruke og etter kvart bli glad i ny liturgi, salmar, og måtar å feire gudsteneste på. Og trur du ikkje det kom revisjonar også der i åra mine som prest. Og så, - vel heime i Norge - då eg sette meg til pianoet for å spele noko eg verkeleg skulle kose meg med, ja då var det salmar og liturgi frå tida som prest i ELCA som gjorde godt.

Fred og alt godt - til slutt.

The reverend
pastor Laugaland



Konfirmant-presentasjon

Søndag 4. oktober var en sur og våt høstsøndag og det var godt å komme inn i varmen på St. Tomas og bli tatt godt i mot av blide damer fra soknerrådet i Øye. Ingebjørg og resten av staben hadde ei flott gudstjeneste.

Kirka var fylt av konfirmanter med foreldre og besteforeldre og noen flere. Konfirmanterne kom inn i prosesjon og vi sang den gode inngangssalma – «Tett ved sida mi går Jesus, alltid vil han vera der.» Ingebjørg si preke tok utgangspunkt i Matteus 8, 14-17 og vi ble spesielt minnet på at vi kan regne med Gud – han hjelper oss. Og mange ganger bruker han mennesker som sine redskap som kan gi oss hjelp.

Konfirmantgjengen ble presentert og de som ikke hadde konfirmantbibel fikk det. Øye sokneråd sendte også en rose med på vegen til hver konfiant.

Jeg var så heldig å være med på overnatting i kirka da denne gjengen var 11-åringer og på «Lys våken». Det er så kjekt å se dem igjen – når de nå går videre på vegen og får med seg viktig lærdom fra kirka.

Gudstjenesta ble avslutta som den begynte – med at konfirmanterne gikk ut i prosesjon. Og etterpå var det korona-



og konfiantvennlig kirkekaffe med brus og twist i rikelige mengder for folk i alle aldre. Tusen takk til flinke soknerådsdamer for «kaffen» og tusen takk til Ingebjørg og staben for ei god

høststund i St. Tomaskyrkja. Til slutt vil jeg gjerne minne oss alle om å ha konfirmanterne spesielt i våre tanker og bønner denne vinteren.

Tekst/foto: Kristin Bakke Lajord

Vedtak om kollekt til Barnekreftforeningen i Innlandet

Høre Sokneråd har besluttet at hver gang det er dåp i Høre Stavkyrkje skal hele kollekten gå til Barnekreftforeningen i Innlandet.

Dette vedtaket gjelder for hele vår valgperiode. Vår bygd vet så altfor godt hvor viktig det er at barn som blir rammet av kreft blir støttet og får ulike trivselstilbud, og at forskning på barnekreft får økonomiske midler.

Barn og kreft hører ikke sammen.

Marta Bjørnøy Lalim



Hausttakkefest

Syng ein song or hjartans grunn!
 Syng ein song or hjartans grunn!
 Lova Gud med mål og munn!
 Alt av liv held han ved lag,
 gaver gjev han dag for dag.
 Difor takk for brød på bord,
 takk for trøysta av hans ord,
 takk for heimen vår på jord!

Så har Gud skapt heimsens ring.
 Her er fullt av gode ting:
 Gras og grøde gror det her,
 bær og frukter hagen ber.
 Dyr og fisk og fuglar får
 alt dei treng i sine kår.
 Gud er Far i heimen vår.

Midt i alt som er så vel,
 ber me sorga i vår sjel:
 at me øyder det han gav,
 luft og vatn, land og hav.
 Han som opna mildt si hand,
 gav òg ansvar og forstand
 til å vara det for han.

Av vårt hjarta bed me då
 at me rett må skjøna på
 alle gaver som han gjev,
 signing over dagsens strev,
 at me takksamt tener han,
 fylger med til lvsens land,
 kviler trygt i faderhand.

I haustgudstenesta markerer vi i dag vår takksemd for heile skaparverket. Når vi seier takk for avlingane seier vi altså takk for at Gud gjev oss det vi har bruk for til opphaldet til livet. I Fadervår ber vi om at Gud vil gje oss det daglege brødet vårt, og haustgudstenesta er takka vår fordi vi får det.

I gamle tider feira vi i Noreg hausttakkefest på Mikkelsmesse som var 29. september. Mikkelsmess er den dagen erkeengelen Mikael tradisjonelt vart feira. Mikael er den som veg menneska sine sjeler på dommedag, og han er dermed viktig å halda seg godt inne med.

Til Mikkelsmess skulle heile avlinga vera i hus, buskapen henta fra setrane og sauene samla og ført ned frå fjellet. Mange stader kunne den første snøen koma på denne tida.

Kyrkjene er opne, men alt er ikkje som før

Koronatida er framleis over oss, og vi har blitt flinke til å hugse på «meteren» og å sprite hender. Alle sokneråd har vedteke smittevernplan for sine kyrkjer, og dei tilsette har fått ekstra ansvar for å passe på smittevernet. Likevel er det opp til kvar enkelt av oss å ta ansvar for oss sjølle og dei rundt oss.

Er du sjuk, - hold deg heime

Den beste måte å unngå smitte på er at sjuke ikkje omgås andre. Difor er det viktig at du held deg heime dersom du er sjuk eller har symptom på covid-19.

God avstand og minst mogleg kontakt mellom personar

No er det sett eit tak på maks 200 personar som kan samlast, men avstand på 1 meter overprøver dette talet. Då er kyrkjene våre for små til at vi kan sleppe inn 200, men vi tenker at det er plass til 50 i Høre, Heensåsen og St.Tomas, 70 i Vang og 40 i Øye. Dette betyr at nokre benkar er stengt av for å kunne halde denne avstanden, og salmebøker/program er lagt ut der du kan sitje. La

salmeboka/programmet vere att der det låg når du kom. Då unngår vi unødig smittefare. Men dersom det kjem fleire frå same husstand, eller som til vanleg er saman, kan ein sitje tettare.

Registrering

Vi er pålagt å registrere alle som kjem i kyrkjene med namn og telefonnummer. Dette på grunn av eventuell smittesporing. Lista tek vi vare på innelåst i 10 dagar, før den makulerast. Dersom du ikkje vil at vi registrerer deg, kan du faktisk ikkje få kome inn.

God hygiene

I alle våpenhus står det flasker med Antibac og dette vil vi at du bruker både når du kjem og når du går. Ikkje ta på fleire stader eller utstyr enn du treng.

Vi ber om forståing for dette og ønsker hjarteleg velkommen til gudstenester i kyrkjene våre.

Guro Hovda

Haust er på den eine sida noko godt. Det er godt at det er frukt å hausta både i konkret og i overført tyding. På den andre sida er haust òg forbunde med opphør og død.

På same måte har òg mogen noko tvetydig over seg i moderne samanheng. På den eine side er det godt at frukter, menneske og prosjekt mognast. På den andre sida er det ein hårfin grense mellom å vera mogen og overmogen. Men hausten er ein del av syklusen til livet og gongen til naturen. Det som er sådd skal haustast. Det gjeld i naturen, det gjeld i livet og det gjeld for menneske. Det er gledeleg at vi kan hausta og at andre kan hausta frå oss. Det kallar på takksemd, men også på eit stenk av vemo fordi hausten blir følgd av opphør og død. Etter kvar haust kjem ei ny tid for å så og dermed ei tid for nytt liv.

Jovita



Merka turstigar i Vang

Med sumaren på hell passar det med litt oppfriskande informasjon angående skilting av stigar. Turhandboka for Vang tilbake til 2003 skildrar over 60 stigar. Det vart gjort eit godt arbeid ved kulturkontoret m.fl angåande skilting den gongen.

I tillegg fekk Valdres natur – og kulturpark tilbod om gratis skilt frå 2012. Gjensidigestiftelsen og Oppland fylkeskommune gav millionar til Valdres natur – og kulturpark for tilrettelegging for friluftsliv etter nasjonal mal for skilt, merking og infotavler i Valdres. Valdres natur - og kulturpark formidla tinginar frå dei seks Valdreskommunane gjennom Folkehelseforum i Valdres og stod for det økonomiske. Folkehelse – og/eller frisklivskoordinatorar jobba med dette ute i kommunane. Valdres natur og kulturpark har etterpå det økonomiske vedlikehaldsansvaret, men dei som har tinga skilta – og også klopper - må syte for at eventuelt vedlikehalarbeid vert utført.

Dei fleste av skilta via Valdres natur og kulturpark er sett opp på nye strekningar i Vang, som til dømes i området ved Fugleberg eller trilleløypa i retning Herredalen. Andre er suppleringskilt til stigane nemnde i Turhandboka. Ein god del av pengepotten for Vang gjekk til Kongevegen, og dei skilta kosta meir enn dei andre skilta.



I Vang var det ynskje om å bruke trekvite skilt. Vi brukte trekvite der det fall naturleg, men ein del er grøne. Som døme fekk vi grøne skilt til kulturløypa, gjeve til Høre skule i 2010, men Ryfoss Vel sine skilt i området er trekvite; for å skilje skilta dei ut frå kulturløypa.

Ut frå eit folkehelseperspektiv er visst mange av oss for lite fysisk aktive og sit for mykje i ro. Regjeringa skriv i handlingsplan for friluftsliv 2020 – 2029, gitt ut av helse og omsorgsdepartementet, at det skal vera enkelt for alle å vera aktive ut frå sitt nivå. Regjeringa vil difor at kommunane mellom anna skal ha fleire kvardagsturar i nærmiljøet slik at fleire kan gå meir – i daglelivet og i fritida. Ut frå denne handlingsplanen starta Vang tidleg med tilrettelegging av stigar.

Uansett strekning og farge på skilta håpar vi så mange som mogleg brukar og finn fram på dei ulike strekningane og nyt alle dei fine turane, både i nærmiljøet og til fjells.

Og skulle de trø på klopper frå Gjensidigestiftelsen i nokon av stigane, så tenk på at desse kloppene også er gitt til kommunane på same måte; i 2013–2015. Ymse lag/organisasjonar, grunneigarar, privatpersonar - og ikkje minst skuleelevar i Vang kommune - brukte mykje tid og krefter på å leggje dei tunge kloppene på plass for at vi vandraane skal kunne nyte turen nokolunde tørskodde.

Så med vinteren på lur ynskjer vi god tur i dei ulike stigane neste sesong – både korte og lengre turar.

Folkehelsekoordinator
Kari Bø Wangensteen



Dåpsgudsteneste ved Helin 19. juli

Denne flotte sumarsundagen var det friluftsgudsteneste ved Grøvstølsosen ved Helin. Godt og vel 100 personar var samla her i det strålende veret – eit stort dåpsfølge, hyttefolk, stølfolk og mange fleire. Ingebjørg og resten av kyrkjesta- ben var på plass for å halde gudstenesta, og soknerådet hadde ordna i stand alter med markblomar på. Ingebjørg hadde òg god hjelp av dei små hjelparane Kasper, Karoline og Storm. Vesle Ask vart døypt i Helin og både far Lasse og Ingebjørg prest vassa ut i vatnet.

Eg trur mange av oss tenkte då – tenk om oldefar Bjørn hadde fått oppleve dette! Og som ei sa etter gudstenesta – «nå er heile Helin velsigna.» Ein seremoni det var fint å vera med på, og fint var det å ta i mot Ask i kyrkjelyden vår og i den verdsvide kyrkja. Salmane passa godt til dagen og Helge var som vanleg stødig forsongar og Artur spelte til.

Preiketeksten for dagen var Lukas kap 15, 1-10. Den handlar om sauен som vart funnen att og sòlvmynten som vart funnen att. Med bilet og rørsler, liner gjennom bibelhistoria og nye blikk på kva det er å bli sett og bli funnen, heldt Ingebjørg ei preike med grunnlag og for vidare undring. Petter Dass-salma «Herre Gud ditt dyre navn og ære» var ei mektig avslutning på ei minne-rik gudstenesta. Og etter gudstenesta varta soknerådet opp med rikeleg med bålkaffi til koppar og niste tekne med frå den einskilde.



Tusen takk til alle som gjorde denne sundagen til ein flott dag ved Helin!

Tekst/foto: Kristin Bakke Lajord



Døde i Vang det siste året

(oktober 2019 - september 2020)



Øye sokn

Solveig Marie Isaksen Opdal	76 år
Sigrid Skogstad	90 år

Vang sokn

Målfrid Dalåker	89 år
Tordis Heiene	64 år
Berit Wangensteen Haugen	95 år
Ingeborg Loe Valstad	70 år
Anna Ragnhild Brattebråten Berge	78 år

Heensåsen sokn

Dag Sigve Nordsveen	61 år
Ola Nordsveen	95 år

Høre sokn

Marit Bunde	97 år
Gunnar Lokreim	84 år
Anne Gudbrandsen	42 år
Ola Jørgen Veflen	79 år

Kyrkjegardsdugnad i Høre

Soknerådet ynskte å halde felles dugnad på kyrkjegarden i år og, innanfor rammene av smittevernet. Det var om lag 20 personar i alle aldrar som møtte og fekk sett i stand uteområdet på ein god måte etter vinteren. Det var naudsynt å ta eit godt tak m. a i skråningane, slik at vi får ein kyrkjegard som er god å vera på. Soknerådet stilte med kaffe, varm kakao og kake, våtserviettar til handhygiene og antibac til desinfeksjon. Dei som deltok på dugnaden var flinke til å halda avstand og samstundes vera saman om arbeidet. Dei sette og stor pris på at dugnaden var halde «som normalt», då det er eit viktig og meiningsfullt arbeid for mange og vart opplevd som eit glimt av normalitet i ein unormal kvardag. Tusen takk for samarbeidet til alle som deltok!

Hanne-Kjersti Berge
Foto: Gunn Audhild Tørstad



100 år gammel dåpslue

23. august 2020 ble vår Sivert Skjønhaug Lalim døpt i Høre Stavkyrkje. Han bar sin oldefar Peder Lalims dåpslue som han bar da han ble døpt i samme kirken for 100 år siden. Den er så utrolig vakker, men veldig skjør etter så mange år. Det at vi fikk knyttet generasjonene sammen på den måten var betydningsfullt og stort for oss. Takk til Ingebjørg, Geir, Gunn Audhild, Andris og Arthur for alle bidrag til gjennomføringen av vår store dag.

Marta Bjørnøy Lalim



Kyrjeårsbøn - Allehelgensdag

Du gud for alle tider og alle slekter!
Vi takker deg for dem vi holder av,
men som nå er skilt fra oss
og skjult i din kjærlighet!
Vi takker deg for det håp du har lagt i våre hjerter,
at vi også engang skal få se den dagen
da alt det som nå piner og nager, er forsvunnet

fordi din Sønn, Jesus Kristus, har gjort alle ting nye!
Vi ber deg: Mett oss med din Hellige Ånd,
så din sannhet og kjærlighet lyser i oss,
og vi er salige fordi vi hører til ditt rike.
For du er lyset for evig,
og deg skal alle folkeslag og tungemål
lovprise for din frelse fra evighet til evighet.

Holger Lissner (1938-)

Stavkyrkja i Øye og Jonsokmesse

Eg fann eit skrift for Vang, frå 1995, det var jubileumsskriftet for «Kyrkja i Norge 1000 år». Eg tenkte at det kunne vera noko å gjenfortelje, då det er 25 år sidan det vart feira eit gildt 1000-års kyrkjejubileum i Vang, og i heile Valdres. No, i 2020, kan me sjå oss litt tilbake. Ordførar Knut Haalien skriv: *1000 år med Gudsteneste, Pinsedagen er kyrkja sin fødselsdag frå år 995.*

Vang fylgte opp med sine kyrkjebygg i tre sokn. Høre, Vang, (som seinare vart flytt til Polen), Øye, alle stavkyrkjer frå 1200-talet. Flotte byggverk som fortel oss at på den tida var det flinke handverkarar. Øye kyrkje frå 1747, Vangs nye frå 1840, Heensåsen kyrkje 1902 og nye St.Tomaskyrkja frå 1971. Kvart kyrkjebygg er i seg sjølv ein kulturarv, som vår generasjon pliktar å ta vare på og føre vidare til komande generasjonar, på ein like god måte som forfedrane våre.

(St.Tomaskyrkja på Filefjell vart tatt ned i 1804?) 1000-årsjubileet i Valdres prosti vart avslutta i Vang. I sannhet en verdig markering der alle prestegjeldets kirker var i funksjon, med et gedigent program, skriv prost Georg Johnsen.

Elevar på VBU var med å skrive historia til kyrkjene i Vang. Espen Gustavsen og Jon Helge Solemsli i 9. klasse skriv:

Øye Stavkyrkje ligg ved den nordvestre enden av Vangsmjøsa. Den er truleg bygd på 1100-talet, men blir ikkje nemnt i skriftlege kjelder før 1347. Stavkyrkja vart nedreven før 1747. Då låg den ikkje der den ligg no, men ute på den flate jorda mot Vangsmjøsa. Men der var det for fuktigt, og når det var flaum i Vangsmjøsa, steig grunnvatnet slik at gravene på kyrkjegarden vart halvt fylte med vatn, og kistene måtte senkast ned i vatnet med steinar på.

Rundt 1740 vart det bestemt å byggje ei ny kyrkje på Øyebakken, den noverande kyrkja lafta av tømmer. Nokre bord fra gamle kyrkja vart brukt i den nye, og ein portal vart sett opp i sakrestiet i den nye kyrkja, og ein portal vart sendt til universitetets oldsaksamling i 1866. Kor resten av gamlekyrkja vart av visste ingen.

I 1935 byrja grunnmuren i den nye



Foto: Jovita Budvytiene

kyrkja å sprekke. Handverkarar måtte rive delar av muren for å reparere han. Då oppdaga dei at det låg stabla ei mengd med materialar under kyrkja. Her låg det i alt 156 delar av gamle stavkyrkja. Gjenreising av Øye stavkyrkje starta i 1953, det var ein del pausar i byggingsarbeidet, men kyrkja vart høgtidleg innvigd i 1965.

Tilbake til notida:

Kyrkjemlokka ringer, og prost Carl Philip Weisser kjem fram og fortel korleis vi skal gå i prosesjon gjennom svalgangen: Det er koronatid, så me må halde ein meter avstand. Det er ikkje plass til så mange inne i kyrkja, så messa vert ute.

Høre mannskor syng preludium, så syng vi alle den fine sumar salmen «Så grønn en drakt, så rik en duft». Prosten kjem fram og ynskjer oss velkommen med inngangsord og samlingsbøn.

Guds ord for kvelden vart lese frå Domarane 13,2-7. 24-25. «Samson vert fødd». Vidare syng alle «Kirken den er et gammelt hus, står om enn tårnene faller» og «Halleluja».

Prosten heldt preiken, vidare fulgte Truvedkjenning og alle song «Å leva det er å elska det beste di sjel fekk nå». Forbøn: «Fredslitaniet som Vekselsong mellom liturg og kyrkjelyd.» Vi song «Den ljuse dag går under», med solosong, etter Herrens bønn og Sending. Gudstenesten slutta av med Lovprising og Velsigning, og tre ganger tre bøneslag.

Prosten takka kyrkjelyden for fram-møtet. Men festen var ikkje over!

Mannskoret stilte opp og song fleire fine og festlege songar, dirigert av Monika; til stor applaus frå kyrkjelyden.

Tusen takk til prost Carl Philip Weisser for ei flott Jonsokmesse!

Ingebjørg Wigdel

Historia om altartavla hans Ola Sparstad


Medan Bondahl var prest her i Vang, fekk eg i oppdrag av han å reise til Ola Sparstad og intervjuer han om sitt arbeid med altartavla han laga til kyrkja i Vang. Bondahl skulle bruke stoffet i menighetsbladet.

Eg vart vel motteken på Sparstad, men då eg bar fram ærendet mitt, fekk eg eit kontant nei. «De æ det villaste e ha gjort at e tulla me te mæ di», slo han Ola bestemt fast, «o so lengi e leve, ska det kji skrivast eit ord». Eg vart sjølv sagt noko overraska, for eg hadde alltid hørt altartavla omtala som eit stort kunstverk som vel måtte gje kunstnaren stor ære. Men forklaringa kom litt etter litt.

Eg held lovnaden min og skreiv ikkje eingong ein kladd, men eg festa meg ved alt han sa, og eg trur eg hugsar det meste.

Mellan 1920 og 1930 var det Fyrwald som var prest i Vang. Han syntest den overmåla altartavla var stusseleg, og ville få laga ei ny tavle. Eg trur det var i 1924 eller -25. Ola Sparstad tok på seg arbeidet med sjølve tavla, og Julia Jessing, dotter til den tidlegare vangspresten Monrad, skulle måle altarbiletet. Då dette vart kjent i bygda, rykka den svært så penneføre, men iblant litt krasse, Ove Steile, ut i «Valdres» med denne omtala av kunstnarane: «-og den skal utføres av en snekkar som næppe vet hvordan et hoggjern og en høvel skal brukas, og av en malerinne der kun har gjort seg ufordelaktig bemærket».

Motivet hadde han (Ola) klart for seg. Temaet skulle vera JEG ER VERDENS LYS. Symbolet på det skulle vera sola øvst på ramma som sender stråler nedover. Over sola utforma han ramma slik at det skulle minne om skyer. Men det var også andre ting han Ola ville ha sagt oss. På både sidene av altarbildet finn me «liljene på marka» nydeleg utskorne. Dei skal minne oss om at me ikkje skal vera bekymra for noko ting, for Far vår i himmelen har omsorg for oss. At frelsesverket er fullført, viser dei tome korsa der berre tornekronene heng att. På ramma nærmast maleriet er det skore inn mange gamle kristne symbol, bl.a. hakekorset som diverre Hitler skjemde ut. Dette var sjølv sagt harmeleg for Ola



Sparstad og var kanskje ein av grunnane til at han angra seg. Men hakekorsa var ikkje grunnen til at tavla vart teken ned og lagra:

Til 100-år-jubileet i 1940 var kyrkja restaurert og dermed kom det fram att det som var overmåla på den gamle tavla frå 1624, og det var sjølv sagt at den måtte få plassen på altaret. Seinare vart tavla til Ola Sparstad hengd oppi sørre «vengen» og er absolutt med på å gjera kyrkja vakker og interessant.

Tavla er sett saman av fire delar, med jarnstanger tvers igjennom for å halde delane på plass. I enden av stengene er det mutret slik at ein kan skru tavla saman. Ola skar på tavla ein heil vinter, og oppåstøga på Sparstad var då omgjort til verkstad. Olga, syster hans, seinare mange-årig organist, var av same «nevnyttige» slaget som bror sin, så ho var med og skar ut.

Når ein studerer tavla nøyne, ser ein fort at Ola spa seg ikkje. Hadde han vilja

gjort det snøgt og enkelt, hadde han skore bokstavane ned i treet. Men Ola skar vekk treet rundt bokstavane slik at inskripsjonen no står ut frå flata. Det var mykje meir arbeidskrevjande.

Til å hjelpe seg med å lime saman plankane før han kunne begynne skjeringa, fekk han med seg Ola i Bygnae som dreiv snikkarverkstad.

Han kom roande over fjorden og hadde med seg lange tvinger (limklemmer). Limingen måtte gå føre seg ein varm sumardag med steikande sol, for med hornlimet som vart brukt då, måtte trestykker varmast før liminga, så plankane stod i solveggen i fleire timer.

Så var så tavla omsider ferdig, og Ola syntest han måtte ha 1000 kroner for arbeidet. Mor hans var med i soknerådet, og ho kunne fortelja at då rekningen vart lagt fram, vart det heilt stilt rundt bordet. Dei syntest det var altfor dyrt. «Ho mor likte seg berre so måtele».

Så litt om altarbiletet til Julie Gjessing

Når presteboka til Kjell Lund kjem, kan me lesa at presten Monrad var ein kunstnarnatur, og at han kanskje aldri burde ha vore prest. Døtrene hadde nok arva noko av kunstnargivnadane åt far si. Eine dottera, Cally, vart ei skodespelarinne, men uheldig vis fekk ho Maria og Vidkun Quisling som grannar og omgangsvener i Oslo og tok «farge» av det naboskapet. Ho døydde gløymt og bitter.

Om dottera Julie veit eg svært lite, men venteleg finst det opplysningar om hennar kunstnarkarriere.

Etter maleriet å døma, er det lite som

tyder på at ho «kun har gjort sig ufordelaktig bemærket». Eg har fått mang ei god «preike» ut av det kunstverket, og eg er sikkert ikkje åleine om det. Motivet er slik at det kan tolkast på mange forskjellige måtar, og difor kan kvar og ein få si personlege «preike».

Bilete viser nokre menneske; born, vaksne og gamle. Alle er «berørde» av den lysande Jesusskikkelsen lengre inn i biletet. Den som har lettast for å fylgja etter Jesus, er barnet. Dei andre har nok meir eller mindre problem med det. I framgrunnen ser me ein fortvila unggut som blir trøysta (eller overtala?), kanskje av mor si? En mann held seg for and-

letet og snur seg halvvegs bort. Kvifor gjer han no det? Ja, det er mykje her å filosofere over. Alle desse menneska ser ut til å gå på kanten av ei avgrunn der skoddedottane stig opp frå juvet. Men det er tydeleg fortalt at fylger me etter Jesus er me trygge.

Ja, det var litt om altartavlans Ola Sparstad og Julie Gjessing. Eg synest ho fortener ei omtale, og no etter at han Ola er borte, er eg kanskje den einaste som sit inne med litt kunnskap om tavla og korleis ho vart ti.

Sigfred Hovda

Altartavla i Vang kyrkje 400 år

Eit vakent auga på morgonsongen i Vang kyrkje oppdaga at det på altartavla sto: «ANNO DOMINI 1620 DIE 14. Octobris»

Sanneleg eit lite jubileum! Altartavla vår er 400 år 14. oktober 2020! Kanskje er ho enno litt eldre då ho mest sannsynleg er måla denne datoën. Det viser seg i følgje gamle skrifter at dette er eldste altartavla i Valdres.

Altartavla er ei såkalla katekismetavle. Tavla sto derfor også i gamle Vang stavkyrkje i 240 år til ho vart fløtt over til den nye kyrkja, som vart teken i bruk i 1840. Så veit me at haldninga, farger og stil i kyrkja vår har endra seg, og i 1919 vart det teke initiativ til å få ei meir tidsmessig altartavle. Ola Sparstad fekk i 1924 oppdraget med å laga ny altartavle og

denne fekk sin plass i koret. Den gamle altartavla vart måla svart og hengt opp på veggen i sørre koret i kyrkja. Grunnen til at ho vart måla svart var at den hadde, etter den tids oppfatning, «pornografisk» preg.

Gardsnavna på benkene vart og overmåla med svart då haldninga var at det var udemokratisk at kvar gard hadde sin kyrkjeplass.

Til kyrkjehjubileet i 1940 vart svartmålinna på altartavla fjerna og ein fekk fram att den opprinnelige målinga. Dei to tavlene bytte plass. Altartavla hass Ola Sparstad vart hengt opp i sørre vengen og den gamle altartavla fekk etter ein gong sin sjølvsgaute plass i kyrkja sitt kor.

Helge Lajord



Vi les Bibelen saman

Kvar (andre) 2. søndag i månaden, kl.18.00 inviterer vi til bibellesing i Heensåsen kyrkje. Dette er eit lavterskelt tilbod der alle kan kome og høre høgtlesing frå Bibelen. Ta gjerne med eigen Bibel for å følge med. Vi syng ein salme som passar til teksten eller etter

ynskje. Til slutt ber vi Fader Vår.

Samlinga varer ein snau time.

Komande samlingar bli 8. november og 6. desember. Velkommen!



på tur opp...



**Konsert i
Åsvang samfunnshus
måndag 26. okt. kl. 20.00**

**Voksne: kr. 250
13-23 år: kr. 150
Under 13 år: gratis
NB! Berre førhands-bestilling på kurve.no**

Historisk vegopning i Øye

Samferdsleminister Knut Arild Hareide kunne onsdag 23. september klykke snora for ny E 16 mellom Øye og Eidsbru, og med det er heile det fire mil lange Filefjellprosjektet ferdigstilt. Hovudvegen mellom aust og vest har til alle tider gått gjennom bygda Øye. Delt gardstun i to og sneia husnøvne elles i bygda. No er vegen lagt utanom og Øye blir ein mykje fredlegare og meir trafikk-sikker bygd. Dette gleder sjølv sagt dei busette i Øye

Men det er fleire som gleder seg over ny veg. All tungtransport som skal over fjellet får ein fint tilrettelagt og 8,5 meter brei veg å koyre på. Hareide påpeikte fleire gonger i si tale kor bra denne vegen over Filefjell har vorte og at den er

den klart mest vintersikre trasè mellom aust og vest.

Under opninga var det intervju med sentrale personar i prosjektet og mellom andre, Arve Wangensteen i Vang Autoservice AS, måtte forklare kva hans firma som driv med bilberging skal finne på no når vegen er vorten så bra. Men Arve og brørne veit dei råd, dei finn stadig nye måtar å halde bedrifta levande på, mellom anna ved nettopp å klargjere og selje bergingsbilar til heile landet.

Ordførarane i Vang og Lærdal, Vidar Eltun og Audun Mo held tala og tala varmt om samarbeidet dei to kommunane imellom og mellom Sogn og Val-

dres. Betre veg gjev kortare reisetid og nye moglegeheter opnar seg.

Fjellblom musikklag stilte velvillig opp og spelte fleire nummer, og det var høgtidleg når dei spelte Nasjonalsongen rett etter at statsråden hadde klypt snora. FK Vang stod for matutdeling til dei inviterte gjestene denne dagen. Ein smakeleg lunsj med tilbehør som Tyinkrysset Fjellstue hadde levert. Veteranbilklubben stilte med nokre flotte eldre bilmodellar og dei fekk æra av å koyre først i kortesja.

Dette vart ein festdag for dei inviterte, men mange fekk nok også med seg opninga via sosiale media. No ligg vegen der til glede for alle trafikantar. Vegutbygginga på E 16 held fram, og me gleder oss alle til den dagen ny tunell i Kvamskleiva kan opnast.

Tekst/foto: Vidar Eltun



Førjulsmarknad i Øye

Ja, det vert Førjulsmarknad i Øye i år også. Set av helga 21. – 22. november. Grunna korona vil det bli litt endringar, men det meste av tradisjonane held fram som før. Her skal du kunne kjøpe lokalt handverk av høg kvalitet, alt frå mat til trearbeit og andre husflidsprodukt. Kanskje kan du kjøpe med deg unike julegåver til venner og familie. Invitasjonen til utstillerane er rett rundt hjørna og det er alltid spennande sjå kva dei har sysla med i heimen sidan i fjor. Me anbefalar deg å fylgje med på facebooksida til Førjulsmarknaden i Øye, for å halde deg oppdatert på kva som skjer framover.

Velkomne til ein trygg og triveleg Førjulsmarknad helga 21. – 22. november i Øye!

Marit Gjærdingen



Fullverdig barnehagetilbod

Fullverdig barnehagetilbod til borna på Vang mottakssenter i Høre barnehage er viktig på mange nivå.

Fire dagar i veka vert ungane i barnehagealder ved Vang mottakssenter skyssa til Høre barnehage. Vi er glade for alle borna som er her i Høre, og strekker oss så langt som råd er, for å gje dei ein god kvardag, seiar styrar ved Høre Barnehage, som tel 25 ungar denne hausten. Av desse er 12 frå Vang mottakssenter.

Det er born frå Russland, Colombia, Etiopia og Somalia i barnehagen no, utan at ungane bryr seg nemneverdig om akkurat det. Vi ser det kvar dag at for ungar, er andre ungar, berre ungar. Kvar dei kjem frå har ikkje noko å seie. Kommunikasjonen og samleiken er på plass med ei gang. I Høre har dei store uteområde og høve for å nytte både gymsal og fleire ekstra rom i det pedagogiske opplegget. Med alle restriksjonane sida mars har vi hatt god bruk for all plassen her i Høre, då vi har delt i fleire grupper og brukt kvar våre delar av barnehagen, utan at dette har vore noko stor praktisk utfordring.

Tidlegare var det uvanleg at bebuarane på mottaket nytta barnehagen av fleire årsaker. No er det normalen at dei nytta seg av tilbodet. Vi har tett dialog med foreldra heile vegen der dei følgjer

tett med på alt som skjer via MyKid-appen. Det er også eit ekstra foreldremøte med tolk til stade og det hender vi sender foto direkte til foreldra. Det er viktig for oss at dei føler seg trygge og eit bilet seier ofte det meste. Medan borna er i barnehage kan foreldra gå på norskurs og det verkar som ei god løysing for både foreldre og born. Vi får utruleg mykje trivelege tilbakemeldingar frå foreldra heile vegen. Samstundes er det at ungane kjem ut av drosja med eit smil om munnen og viser gjennom heile kroppsspråket at dei trivst og føler tilhøyre her, er det aller viktigaste vi sit att med.

Det har kome nye reglar frå UDI som har opna for at born ved flyktningmottak kan byrje i barnehage frå eit års

alder. Det å kunne koma tildleg inn i barnehagen gjev borna med innvandrarbakgrunn ein stor fordel med å kunne lære seg norsk tidligare, noko dei tek med seg gjennom oppveksten. Det er heller ikkje berre språkutvikling og ordforråd som er viktig, men og dei gode relasjonane som ungane får. At ungane får vene, kjenner at dei høyre til og er trygge her, er like viktig. Vi er ein barnehage med eit stort og rikt mangfold, med mange forskjellige språk, interesser og bakgrunnar. Spennande for både store og små, og vi er glade for å kunne ha det sånn, avsluttar Mæland.

Har du skift, varmt toy eller uteklede liggande er det behov for dette inn mot vinteren. Har du klede, kontakt vang.mottak@heroeeurope.com eller telefon 400 01 967.

Hallgrim Rogn



Litt informasjon fra Heensåsen sokneråd

Det nye soknerådet har no halde på eit års tid, og vi vil gjerne fortelje litt om det vi har vore opptekne med dette året. Som vi alle veit vart året spesielt med tanke på kyrkjerelaterte samlingar innandørs og til dels utandørs. Heldigvis har det vore mogleg å drive med arbeid ute. Dette har vi utnytta så godt vi kan, og dei som har vore med på dugnadar utandørs har gjort det med smittevernet i fokus. Vi nyttar høvet no, først som sist, til å takke alle som har vore med på dugnadar for kyrkja vår.

Vi starta vernet vårt med å felle tre og rydde kratt rundt kyrkja. Vi ynskte oss at kyrkjebygget skulle bli meir synleg, samt at utsikta mot Vangsmjøsa frå kyrkja kom tydelegare fram. Tre store furuer på baksida av kyrkja vart felt for å sikre at kyrkjemuren ikkje skulle bli øydelagd. Desse tre furuene er blitt til plankar som vi ynskjer å bygge noko av som soknet vil ha glede av. Ein benk, som er tenkt til kyrkjegarden, er vi allereie i gang med å lage.

Rundt parkeringa oppe ved kyrkja vart det sett opp stabbesteinar som ei avgrensing mellom parkeringsplass og grøft. Parkeringsplassen er òg blitt grusa. Gjerdet rundt kyrkja var rote. Vi har rive, måla og bygd opp att ein del av det. Kommunen vil ta resten av denne jobben og rekninga, og det er vi takksame for.

På kyrkjegarden var eit gjerde til nedfalls. Vi har rive ned det gamle gjerdet, rydda i krattet nedanfor gjerdet og bygd opp att eit nytt gjerde. Dette er gjerdet som grensar mot Arne og Gunvor Heen. På kyrkjegarden har vi etablert ein avfallsstasjon. Den førre avfallsstasjonen vart teke ned fordi det ofte hamna uorganisk avfall i det organiske avfallet. Vi både håpar og trur at alle som nyttar seg av denne avfallsstasjonen vil vere nøyne med å kaste avfall på rett plass, slik at denne kan få bli verande.

No som mørket fell på att, vil ein kanskje glede seg over at lys er sett inn ved inngangsporten til kyrkjegarden. Det same er gjort ved inngangsporten til kyrkja. Det er altså litt meir lys i mørketida her på Heensåsen.

I sumar tok soknerådet i Høre initiativ til ei Solefallsmesse. Då dei spurte om vi

ville vere med, takka vi ja med ein gong. Dette var ein glitrande god idé. Veret var diverre ikkje på arrangementet si side, så solefallsmessa vart innandørs. Kanskje kan vi prøve att til neste år? I så fall er både eit stort kors i tre laga, samt skilt i tre som skal føre kyrkjelyden til rett plass oppe på Slettefjell.

Vi må seie at vi er rett nøgd med kva vi har fått til så langt, og at vi er glade for at vi og dei som har vore med oss, trass restriksjonar, har fått til så mykke som vi har.

Det er framleis ting å gjere, og framover har vi nokre konkrete planar. Kor lang tid alt vil ta veit vi ikkje, men heldigvis har vi nokre år på oss.

Som alle andre kyrkjegardar skal også Heensåsen danne ein minnelund. Til dette arbeidet treng vi hjelp av arkitektar. Vi reknar her med at kommunen vil dekke utgiftene til dette, slik dei gjorde i Øye.

Grensene mellom kyrkja og naboar er ikkje så tydelege. Vi vil gå opp grenser med naboar slik at vi er sikre på kva som er kyrkja si eigedom. I samband med dette vil vi sjå etter eit nytt alternativ til bilveg opp til kyrkja. På vinterstid er vegen både bratt og krapp, så vi ynskjer oss ein slakare og rettare veg opp til kyrkja. Dette arbeidet må vi sjølv sagt få arkitekthjelp til.

Over bårehuset går det no ei straumline som ikkje er i bruk. Vi er i kontakt med Vang energiverk for å få denne fjerna.



Dei er positive til å få det gjort, og det er vi takksame for.


Vi har hogd ned mange tre, men vi vil òg plante nye tre. Vi vil i området ved kyrkjeparkeringa plante nokre rognebærtre. Rognebærtre er eit allergivenleg tre, så vi erstattar nokre av bjørketrea med rogn.

Vi har òg prosjekter som går på det som er inne i kyrkja. Til dømes har vi sikra trappa opp til klokkene med nokre handtak. Her må det bli gjort meir arbeid for å sikre tilkomsten til klokkene. Riksantikvaren er på saken og vi ser fram mot ei løysing her.

Når det gjeld messehaklane, så er det god framdrift i saka. Biskopen har motteke fyrste utkast til to messehaklar og kome med attendemeldingar om mellom anna form og symbolbruk. Val av stoff til både grøn og fiolett messehakkel er godkjent av biskopen. Det grøne stoffet er allereie vove.

Vi har nytta ofringar for å få inn nok pengar til å kunne betale messehaklane. Menighetsbladet har til vår store glede løyva 20.000,- til haklane. Vi har òg vore så freidige at vi har bede soknet sine medlemmar om bidrag, små som store, til dette formålet. Den estimerte prisn på to fiks ferdige messehaklar ligg på rundt 40.000,-. Vi manglar no rundt 7000,- for å ha dei pengane vi treng. Om nokon fleir har lyst og moglegheit til å bidra, så kan ein øyremerke eit lite beløp til denne kontoen: 2153 31 29916.

**Med beste helsing
Heensåsen sokneråd**



Strandstien i Vang sentrum

I 1985 fikk daværende eier av Grindheim Turisthotell, Kjell Arne Dalåker, sammen med flere andre, etablert en atkomst fra Klokkarhaugen og ned til Vangsmjøsa.

Nede ved Vangsmjøsa ble det opparbeidet ei strand som gjestene ved hotellet kunne bruke, noe de visste å sette stor pris på. Men, med skiftende tider og etter hvert avvikling av hotelldrifta gikk både stien og stranda i glemmeboka helt fram til nå i sommer.

Koronapandemien satte i vår en effektiv stopper for det meste av aktiviteten ved Vang Mottakssenter, og de ansatte måtte sammen med beboerne finne nye muligheter for aktivitet i nærområdet. Men med litt flaks og via litt tilfeldigheter ble en idé om å revitalisere strandstien til et stort sommerprosjekt som har involvert de aller fleste beboere og ansatte på mottaket.

Den første delen av stien, fra Klokkarhaugen til aktivitetsparken nedenfor kommunehuset ble rydda først. Valdres Natur- og kulturpark (VNK) hadde et prosjekt i sommer med slik rydding som fokusområde. Mottaket mottok en påskjønnelse fra VNK for dette arbeidet og pengene ble brukt til innkjøp av benker og bålpanner.

Neste område som ble rydda var fra Vangstunet til Coop. Her var det også fra gammelt anlagt en sti eller vei som nå er restaurert og rydda på samme måte som den første delen. På denne delen av prosjektet var Innovangsjon en viktig medspiller, både direkte i dugnadsarbeidet, men også som kontaktledd opp mot Opplysningsvesents Fond. For dette arbeidet fikk mottaket en gave fra Opplysningsvesenets fond (OVF), som er grunneier på store deler av denne stien. I tillegg til de nevnte samarbeidspartnerne, VNK og OVF, ble banken, Coop og kommunen også involvert i prosjektet.

Det har vært lagt ned atskillige dugnadstimer med hogging av trær, kvisting, fjerning av gamle trådgjerder og opprydding langs stranda. Kvist har blitt kjørt vekk og stien har blitt rakt slik at den skulle bli farbar for både små og store.

I det siste har stien blitt skiltet og bro er bygget over en bekke slik at hele stien nå framstår som en nydelig liten perle langs Vangsmjøsa, midt i sentrum av Vang. Om du rusler deg en tur på stien finner du strandområder, gamle båtnauast, flere sitteplasser, klatretau, aktivitetspark og mange nydelige fotomotiver.

Stiprosjektet har blitt utført av beboere på mottaket som et felles prosjekt i en vanskelig tid. Nå er stien der til bruk for deg og meg og alle som ønsker å se og bruke Vang sentrum på en ny og litt annerledes og spennende måte.

Om noen av Menighetsbladets lesere har mer informasjon om dette området av Vang sentrum, hadde det vært morsomt om dere hadde delt dette med oss i kommende utgaver av bladet.

God tur!
Hilsen Vang Mottakssenter



Misjonsklubben VI VIL

Jeg har fått ei artig bok i hende: Foreningsbok for VI VIL, fra 1971 - 1975. Gode minner dukka opp, og jeg har kost meg med morsomme referater, skrevet på omgang mellom oss som var med.

22. september 1971 ble misjonsklubben VI VIL starta, med 4 medlemmer: Gjertrud Mathilde Berge og Margit Reidun Lokreim tok initiativ og Rannveig Gjevre og jeg ble invitert med. Dette første møtet var hos Margit Reidun, og jeg kan huske at mor Sigrid kom inn og fortalte at nå hadde Norge fått ei prinsesse, - Märta Louise var født.

Vi hadde møter hver uke det første året, og i resymé fra første vinteren står det: «På møta vart det halde ei lita andakt. Elles vart det sunge. Det blei og laga gevinstar til basaren, samt ei arbeidsbok om misjonsmarka Kamerun. Kvar betalte ei kr. for møtet. I alt vart det halde 22 møter.» Vi avslutta alle møter med Fadervår.

Etter det første året ble flere jenter med; Marit Ødegården, Anne Marie og Grete Heen, Arnlaug Gjevre, Berit Randi Lokreim, Sølvi Wangensteen, Anne Aasen, Wenche Sandsengen, Gerd Reidun Jevne, Martha Kari Karlsen, Marit Wangensteen og Bente Kristin Nefstad. Møtene gikk på omgang og nå var det møter annenhver uke, og jeg kan godt huske at vi som regel gikk til møtene. Det kunne være seigt å starte nederst i Hengsardådn og gå til Berit Randi synst i Liagardådn. Men vi hadde det moro på veien, og etter hvert oppover bygda ble vi mange som gikk i følge. Og var det kjelkeføre var det moro ned bygda igjen.

Og ja, vi var bare jenter.

Vi hadde basar på Åsvang hver vår med stort oppmøte og åpne lommebøker. Pengene vi fikk inn ble brukt til å kjøpe inn hobbyutstyr til nye gevinstar, som vi lagde selv, og mye ble sendt til NMS – Norsk misjonselskap. Allerede første året hadde vi et adoptivbarn i Kamerun som vi sendte kr. 200 til NMS for. Av og til fikk vi besøk fra NMS på møtene og basarene. Det var nok mange foreldre som bidro på disse kveldene, men jammen var vi flinke selv også!

Sangen «vår», Tenn meg Jesus, sang vi på alle møter, og etter hvert bytta vi til Kristus kaller. Av referatene er det tydelig at mat og underholdning var viktige. Vi hadde avis som hette «Lett blanding» med noe skikkelig stoff, men mest gáarter og mer eller mindre dårlige vitser av typen:

*To smågutar møttest. Den eine sa:
Eg er fem år gammal. Kor gammal er du?
– Veit ikkje.
– Veit du ikkje? Tenkjer du nokon gong på jenter?
– Nei.
– Då er du fire år.*

Av og til hadde vi tydeligvis utlodning. Andre artige klipp fra referatene: «Då klokka var kvart på 7 tok me matpause, for kl. 7.05 begynte eit program om Lill Lindfors og det ville alle sjå» - det hadde alle småjentene interesse av! «Sølvi kom ikkje, så det vart ikkje greie på det». «Så las Guro eit stykke, men det vart berre til latter» (vi var vel i fnisealderen). Etterhvert overtok Sigrid Nefstad og

Bruk nettsida!

Vi legg ut mykje informasjon på facebook-sida Kyrkja i Vang, men ikkje alle er på facebook. Men dei fleste er på nettet og kan finne mykje informasjon på nettsida vår:
www.kyrkja.no/vang

Margit Høverstad som ledere for Vi Vil og gjorde en stor innsats til langt ute på 80-tallet. Sigrid kan fortelle at det stort sett var det 12-15 medlemmer på møtene, som var annenhver gang på Nefstad og Høverstad rett etter skoletid, - mange kom med skolebussen. Sigrid og Margit serverte boller, pølser med lomper, og etter hvert ble det også pizza, og av og til kom foreldre med godsaker. Den kristne profilen fortsatte, og forskjellige ting ble lagd på møtene og loddna ut, og pengene ble sendt til NMS. Fra NMS-kontoret fikk de, Sigrid og Margit, låne bøker med spennende fortellinger som de leste høyt fra på møtene, - det var populært og jentene venta på at lesinga skulle begynne. De hadde hyggekvelder på Åsvang og Haukåsen, av og til kom det besøk fra NMS og de bidro med sang på gudstjenester av og til. Ved juletider var det tid for å lage forskjellig julepynt, og så var det pepperkakebaking.

Da VI VIL ble oppløst ble beholdningen sendt til NMS, men den totale summen har vi ikke funnet. Men at vi har bidratt bra er helt sikkert!

Guro Hovda



Tuntreet

Det var ikkje meinings det skulle bli eit tuntre. Den vesle osporenningen som kom opp av jorda for lenge sidan fekk lov til å stå der ved sida av den gamle låven, ingen ensa han. Då gamlelåven vart riven ein gong på 1950-talet, var renningen blitt til eit lite tre. Det stod i utkanten av tunet og var berre ei osp som fleire andre.

På 1960-talet ville far plante eit tre i tunet. Vi var med han og fann ein fin renning av rogn som vi spadde opp og planta sentralt på tunet, ved sida av gamlestøga. Dette treet vaks og trivdest, og frå same rota kom det fleire tre. Desse rognene vart etter kvart temmelig omfangsrike, og dette rekna vi som tuntreet vårt.

I 1975 bygde vi nytt hus på tomta etter den gamle låven. No var ospa brått rett ute om husveggen, og vi såg ho med nye augo. Med åra hadde ho vakse seg til eit stort og vakkert tre som stod og levde huset for nordavinden. Utan at det nokon gong vart sagt, var det klart for alle at dette var tuntreet vårt, dette skulle vi ta vare på.

Åra gjekk, og for nokre år sidan vart det bygd ein veranda på tresida av huset. No breidde greinene seg inn over verandaen, og fleire av dei måtte takast av. Men fortsatt stod treet like fint, kvar sumar med tusenvis av blad som ringla i vinden. Likevel, etterkvart såg vi at treet tok både utsikt og sol frå verandaen. Tanken om at treet måtte vike mognast litt om senn, og ein dag i sumar vart treet felt.

Alt har si tid, og ingenting varar evig. Men den gamle rogna står fortsatt, og etter mange år har ho no fått att sin gamle status som tuntre. Det er nesten så vi kan sjå ho smiler stolt der ho står.

Tekst/foto:
Ola Heensåsen



Heensåsen ca. 1960: Det eldste bildet eg har funne av treet. Foto: Amund Heensåsen



Treet i enden av regnbogen.



Kort prosess.



Tuntreet har falle.

FRIST
FOR INNSENDING AV
STOFF TIL NESTE UTGAVE
12. NOVEMBER

Ny frisklivsretteliar

Linda Holten Riste slutta som frisklivsretteliar etter seks år i jobben for å gå over i ei anna stilling i nabokommunen. Etterpå har Vang tilsett ny frisklivsretteliar, Mona Wiik Jonassen.

Mona Wiik Jonassen er godt i gang med arbeidet som frisklivsretteliar. Ho jobbar mellom anna med motivasjonsamtaler, livsstilsendingar, kosthald og gruppentrening innan styrke og balanse.

Frisklivssentralen er ein god plass å koma til dersom du treng hjelp med le-

vevanar, koma deg tilbake i arbeid etter avbrekk, få motivasjon til trening eller andre ting.

Frisklivssentralen er for ungdom og vaksne, og terskelen for å ta kontakt er låg. Underteikna oppmodar deg om å prate med frisklivsretteliaren dersom du trur dette er noko for deg. Du kan få tilvising frå lege, fysioterapeut, sjukepleiar eller NAV, men du kan også ta kontakt direkte med frisklivsretteliaren sjølv.

Folkehelsekoordinator Kari



Hva kan innvandrere integreres i Den norske kirke?

Dette har vært en utfordring mange steder, ettersom det har kommet mange innvandrere til Norge i mange år nå. De fleste er arbeidsinnvandrere, men mange har kommet som asylsøkere eller flyktninger. Den norske kirke (Dnk) ønsker å kunne møte og ivareta behovene til kristne med migrantbakgrunn. Institutt for kirke-, religions- og livssynsforskning (KIFO) har derfor gjennomført et forskningsprosjekt på oppdrag fra Kirkerådet for å kartlegge denne problemstillingen nærmere. Sindre Bangstad har gjennomført prosjektet og utarbeidet en rapport, KIFO Rapport 2019:3.

På et møte på Drengestøga nylig presenterte Sindre Bangstad rapporten. To menigheter er kartlagt, en bymenighet og en landmenighet, og på møtet ble det ikke lagt skjul på at sistnevnte er Vang. Her foregikk undersøkelsen ved intervjuer med presten, soknerådsmedlemmer, vanlige kirkegjengere og kristne konvertitter med bakgrunn som asylsøkere.

Undersøkelsen viser at de to menighetene som er studert, bare i begrenset grad har lykkes i å tiltrekke seg kristne migranter. Menigheten i Oslo har kommet lengst, men dette har helt klart hatt sin pris, bl.a. ved at enkelte eldre etnisk norske medlemmer har forlatt sin menighet fordi de nå har følt seg fremmede der. I Vang har det vært utfordringer ved at innvandrerne i stor grad har vært knyttet til asylmottaket og derfor har et

uvist tidsperspektiv. Det er flere som er døpt i løpet av sin tid i Vang, men langt fra alle disse har deltatt regelmessig i menigheten senere, og deres nærvær har ikke ført til særlig endring i kirkens praksis. Og noen godt integrerte asylsøkere har måttet forlate bygda pga. utvisning eller bosetting annet sted i landet. Migranter blir godt mottatt og ivaretatt i Vang, men det ser ut til at terskelen for å la seg integrere kan være vel så viktig som tilbuddet. Det har det også vært en utfordring ved at mange av de kristne asylsøkerne søker seg til et kirkesamfunn på Fagernes, som gir dem en del sosiale goder. Her tolkes også messen til engelsk, og asylsøkerne treffer mange andre i lignende livssituasjon som dem selv.

De mange arbeidsinnvandrerne, som i stor grad er katolikker, oppsøker også denne menigheten. Til tross for at det nok kan være betydelig avstand i forståelsen av kristen tro og praksis mellom kristne migranter fra Øst-Europa og f.eks. fra afrikanske land, oppfattes det kanskje slik at disse likevel kan ha mye til felles. Det beskjedne norske følelsesmessige uttrykk kan også være et hinder for at asylsøkere ønsker å la seg integrere.

Så hva skal vi gjøre da, i Vang?

Forskningsrapporten ga i seg selv ikke svar, og forskeren var selvfolgelig like tilbakeholden. (Som for forskere flest, kan man sitere Ibsen: «Jeg spørger helst; mit kald er ej at svare».) Men i diskusjonen etter Bangstads innlegg ble det bl.a. nevnt at det er viktig å invitere



innvandrere inn i våre sammenhenger, så får det være opp til dem å ta imot – men, som det ble presisert: «Det er lurt å ta imot».

Ellers berømmet Sindre Bangstad både natur og folk i Vang. Under intervjuene her i november 2019 var han blitt så begeistret for Vang at han nå hadde tatt med seg familien sin på høstferie her.

Sidsel O. Jevne



Stell av gravsteinen

Mange spør om råd for korleis ein kan få vekk mose og lav frå gravsteinane, og her kjem nokre gode råd:

Reinhald av steinen kan du gjere med mildt såpevatn og ein mjuk kost eller klut. Dette vil ta dei vanlegaste flekkene. Gjer du dette kvart år vil gravsteinen alltid sjå rein og fin ut. Nokre gonger må det kraftigare reingjering til, høytrykksspyling er eit godt alternativ, men vanskeleg å utføre utan å flytte steinen. Ved hard spyling eller skrubbing kan gullinnlegg og lakkfarge i skrifta ta skade.

På matte og ru overflater med porer og småsprekkar vil grønske og lav få eit betre feste enn på polerte overflater. Ei polert overflate er lett å gjere rein. På ein Stein som har fått grodd skikkeleg til vil dette sette seg djupt i overflata og lettare kome tilbake etter ein reingjering. Ein grodd eller skiten Stein held meir på fuktigkeit og vil samle meir forureining. Dette forsterkar også prosessen som øydelegg skrift og dekor.

Reinhald av bronse gjer du best med

vatn og ein mjuk klut. Bruk av reingjerningsmiddel er vanlegvis ikkje nødvendig.

Stearin, olje, talg eller sot frå faklar og brennande lys vil trekke seg inn og resultere i misfarging av steinen. Dette gjeld særleg lyse steintyper. Slike flekkar kan vere vanskeleg å få bort. Høytrykksspyling med varmt vatn gir som regel best resultat. Bruk av løysemidlar er ei løysing, men kan gjere at noko av flekken trekker seg enda djupare inn i steinen og misfarge den.

Rustflekkar oppstår dersom steinen innehold små bitar av jernhaldige bergartar, eller når den blir smitta av rust frå gravkransar. I kransar er det gjerne brukt ståltråd, - denne vil begynne å ruste etter ei tid. Rust frå kransar som ligg inntil gravsteinen vil trekke inn i gravsteinen og skape misfarging. Dei er mest synleg på lyse bergartar som den kvite granitten. Slike flekkar er eit problem og dei er svært vanskeleg å fjerne. Ei løysing er fullstendig omsliping av gravminnet.

Guro Hovda



Innlegg med gull og lakk tapar seg og krev oppussing.



Lav og mose kan fjernast.



Mine villblomar – som logande eldar er

Uendelege er dine løyndomsfulle hagar, Gud.
Du sår og plantar og let meg hauste. Langs grøftekantar, i
bakkehell, ved einsemdvellar i skogslende, langt ei å.
Mine augnestinar, mine aller kjæraste, mine villblomar,
som logande eldar lyser de sumardagane til endes.

Urørde er de av menneske hender, sjølvberga gjennom
vinter og vår. Bortgøynde står de. Krev inkje av ingen.
Berre er. Revebjølle, blåklokke, forglemmegei, linnea,
prestekrage og ballblom. Med vare hender stryk de gjennom
sinnet mitt. Med form og farge i ein heilskap, som eg
saknar.

Frå tidleg vår gler de meg med kvar liti spire som strekkjer
seg opp mot ljuset og varmen i den skire vårlufti, til de om
sumaren blender meg med dykkar strålande fargar i eit
hav av glad bodskap. Ligg de framfor min fot kvar helst

eg vankar, ein sumardag, ei sumarnatt. Fylgjer de meg,
gjenom dagar og år, til hausten kjem.

Turre står krune, blad og stivna stengler mot haustens
klåre, kalde kåpe. Stivna stammer som let rim og snödryss
pudre seg før vinterstormane set inn her ved stakkekanten
av Grindane.

Min hage, er dine løyndomsfulle hagar Gud. Vatnet i den
klåre kjelda, vinden frå din høge himmel og soli frå ei anna
verd, fylgjer meg frå din evige morgen til seine kveld.

Ewig, evig er Ditt skaparverk. Dine løyndomsfulle hagar
der eg kan skoda vår attom mine atlatne augo, kvar gong.
Du let tanken mogne i mitt eige sinn.

Halldis Thune

Olavstøga frå 1840 på Sørre Ellingbø

Etter eit maratonløp med opprusting frå i fjor haustr vart Olavstøga klar for å ta i mot dei fyrste gjestane 1. september.

– Det var eit omstendeleig arbeid vi tok til med i fjor der det meste skulle løysast på tradisjonelt vis samstundes som resultatet skulle vera lettbudd og vinterisolert.

Leif Solemsli dukka ein dag opp med ei kasse med om lag 1000 gamle spiker. Dei var litt for lange, så då fann kåkkallen fram vinkelclipar og kutta dei vi trengte; 850 stk. Etter det vart det eit eddikbad på alle før dei vart pussa ned. Eit heftig arbeid, men når ein ser resultatet er det verdt det.

Nede er stove og kjøkken, mens det er bad og soverom oppe. I alle rom dominerer det gamle, og det som er nymåla eller moderne er nøyne utvalt til å passe inn i bygget. Eit sånt prosjekt utfordrar også handverkarane som lyt innfri moderne krav og samstundes halde på stilten.

Vi lyt verkeleg skryte av snikkarane Helge og Jon Helge Remmen som har løyst alle små og store utfordringar gjennom prosjektet på beste måte og med godt humør. Det er mykje verdt når ein står djupt nede i eit prosjekt som dette over såpass lang tid.

Elles har Elektromontasje og Vang Rør stått for el og vatn. Nils Harald Heen har levert kjøkkeninnreiing, mens Montér Kvismo har stått for byggevarer. Også speisalhøvla listverk til karmane og restaurering av dei gamle omnane er løyst av lokale.

Utnyttar ressursane

I botn for satsinga ligg eit ynskje om å byggje ut næringsgrunnlaget på garden på ein måte som passar oss. (Eli og mannen Eivind).

– Eg trivst med å drive utleige og vera i dialog med gjestar. Då vart dette eit naturleg steg å ta. Olavstøga har på mange måtar vorte ein driftsbygning med ein viktig funksjon for heilskapen på garden. Eg jobbar ved sidan av som lærar ved Vang barne- og ungdomsskule og trivst godt med å kombinere dette med gardsarbeidet, seier Eli.

Eivind driv jorda på garden, deltek i drifta av Vang fellesfjøs og jobbar som ambulansearbeidar ved sidan av.

– Opphavleg tenkte vi å byggje om fjøset her på garden til eit sauefjøs, men det var feil tid å investere i ombygging for sauehald då vi ville i gang. No er det på is og vi ser om det kanskje vert andre dyr i fjøset. Vi er no i gang med eit løp mot det å verta «Inn på tunet»-gard, noko som passar både med den andre drifta



og med kompetanse og interesser vi har. Restaureringa av Olavstøga har vi stort sett finansiert sjølv, men både Vang kommune og Innovasjon Norge har sett verdien i prosjektet og bidrige med midlar.

Fullt säl på stolen

Ellingbø gard er medlem i bedriftsnettverket Kongevegen over Filefjell og har hatt ein travel sumar på stolen, der det er ei lita hytte til utleige. Det var heilt stille til litt ut i juni, så smalt det.

– Gjennom heile stølssesongen hadde vi fire ledige netter, fortel dei. Nokre ynskjer berre å ta det med ro. Andre deltek aktivt i stølsdrifta, mens andre flyg rundt i fjellet.

Vi har merka oss at mange ynskjer å veta alt dei kan gjera, men når dei først er her så tek dei livet med ro. Vi har også mange med born og ungdom i huset som aktivt veljer stølferie hjå oss på grunn av at det ikkje er straum og internett tilgjengeleg, noko som betyr lite skjermtid og mykje familietid.

Det er nokre overnattingar på stolen om hausten, og vi håpar dette kan vera eit eksotisk tilbod på vinteren. Det var nokre helger i fjor med vintergjester



og målet er å auke dette i år. Sjølv om volumet aldri vil bli det største der inne på vinteren, er det saman med tilbodet i Olavstøga ei viktig brikke i det å snikre saman årsverket her på garden.

Få dagar etter ferdigstilling av Olavstøga var tingingar for halve september i boks.

Både hytta ved Helin og Olavstøga i Vang sentrum kan du booke på epost: post@ellingbogard.com - eller direkte på airbnb.com om du trykker på lenkene. Sjekk ut heimesida til Ellingbø gard på ellingbogard.com.

Hallgrim Rogn

Haust på biblioteket og frivilligsentralen

Vi er i gong med haustsesongen, og noko er sjølv sagt litt annleis, men mykje er likevel som før.

Vi arrangerer ei rekke arrangement og har fleire faste aktivitetar som vanleg. Det nye er at vi har plassavgrensingar – det betyr at om du vil vere sikra plass så lyt du melde deg på på førehand. Blir det ikkje fullt er det ikkje noko i vegen for å møte opp i døra. Alle som deltek må uansett skrivast opp med namn og telefonnummer, og alle må halde seg til generelle smittevernreglar, og ikkje kome om ein er sjuk eller i karantene. Den nye faste aktivitetten «Niste med noko attå» på måndagar har blitt ein veldig triveleg møteplass. Her samlast både folk som er på jobb og vil spise lunsj saman, og folk som kjem heimanfrå for å ta ein kaffikopp saman med andre. Til no har vi både snakka om ulike emne som sopp, morsmål og det spanske kongehuset (!), og hørt på song og musikk frå både Tyskland og Vang.

Vil du bidra?

Både norsktimen med Elisabeth, lekseklubben og middagsserveringa på Storplogen går som normalt. I skrivande stund treng vi ein ny frivillig til middagsserveringa, kvar 5. sundag! Vi treng også stadig fleire frivillige øvingskøyrarar – det er som alltid mange som jobbar med å ta sertifikatet, som treng mengdetrenin ved sidan av køyretimane.



Fereshteh er ein av våre frivillige, her har ho lagt opp smaksprøvar frå Saras mat til deltakarane på arrangementet «Meir enn mat» i september.



Ny biblioteksjef

1. oktober starta vår nye biblioteksjef Marianne Riste i jobben. Vi ønskjer henne velkommen og ser fram til eit godt samarbeid! Åsta vil halde fram som delvis bibliotekar og delvis pensjonist.

Helsing alle oss på biblioteket og frivilligsentralen

HAUST 2020

ETTER HAUSTFERIEN

På
Mjøsvang
kafé

Tors 29.10 og fre 30.10 kl 19 Kva vil du med Vang? Pøbbprat og problemløysing, i samarbeid med Innovasjon. 40 under 40 torsdag - 40 over 40 fredag!

Onsdag 4.11 kl 19 Bokbad Kirsti Baggethun i samtale med Kjersti Annesdatter Skomsvold

Tysdag 24.11 kl 19 Lesegleder Litteraturformidlarar frå fylkesbiblioteket presenterer nye, aktuelle bøker

Onsdag 2.12 kl 19 Bokkveld med utdeling av positivprisen

Dato kjem! Opning av BUA Vang

I
BUA

FASTE AKTIVITETAR

Måndagar kl 11.30 Niste med noko attå

Tysdagar kl 15.30 Lekseklubb

Onsdagar kl 12 Norsktime med Elisabeth Sparstad

Datoar kjem Lesesirkel



www.valdresbiblioteka.no
biblioteket@vang.kommune.no
måndag-tysdag: 15-19
onsdag: 10-16
fredag: 12-16
laurdag: 11-16



www.vang.frivilligsentral.no
61 36 04 25 / 46 81 64 73
frivilligsentralen@vang.kommune.no
måndag-onsdag: 11-15

Interview med Erlend Haaverstad, kommunedirektør

av Juvita Budvtyiene

Erlend Haaverstad begynte som kommunedirektør i Vang sommeren 2019. Han flyttet til bygda med kona og tre barn. Erlend forteller om det nye livet og den nye jobben sin i Vang.

Hvorfor søkte du stillingen som rådmann/kommunedirektør i Vang?

Jeg skal være ærlig og si at den viktigste grunnen var at vi ønsket å flytte til Vang. Vi hadde bodd der ett år tidligere, og vi bodde på hytta som ligger oppå Slettefjell. Da flyttet vi tilbake til Bærum der vi kom fra, men vi tenkte å få en mulighet til å jobbe i Vang. Min kone Mina og hennes familie har hytte her, og hun har vært veldig mye i Vang i oppveksten. Jeg har vært veldig mye i Østre Slidre, hvor min familie har hytte også. Etter jeg traff kona mi i 2000 tallet, har jeg også vært mye i Vang.

Vi følte at vi kjente bygda ganske godt. Vi hadde venner og bekjente, kona mi fikk nettverk på skolen, og jeg hadde kontorplass på kontorfellesskapet 1724. Vi hadde nettverk da vi kom hit, det er mye enklere å flytte når du kjenner noen, og vi ble veldig godt tatt imot. Min kone Mina jobbet på VBU, men jeg fant ikke noen relevant jobb for meg selv. Når stillingen som rådmann ble lyst ut, tenkte jeg at jeg vil prøve å söke. Det var en veldig spennende stilling, helt ny sektor for meg hvor jeg kunne få brukt min tidligere erfaring innenfor lederskap og organisasjonsforståelse.

Hva er din utdannelse?

Etter at jeg var ferdig med videregående, begynte jeg på befalsskolen. Seinere studerte jeg på Sjøkrigsskolen i Bergen, hvor jeg fikk grunnleggende offisersutdannelse og bachelorgrad i militær lederskap med fordypning i økonomi, administrasjon og logistikk. Etter det jobbet jeg i Forsvaret inntil jeg begynte her i Vang. Jeg hadde permisjon i to år, da vi bodde i de Arabiske Emirater, hvor vi flyttet med hele familien. Det var en veldig spennende og annerledes erfaring. Helt annen kultur, klima og religion.

Du har familien med deg. Kan du fortelle litt om familien din og hvor-



dan de trives i Vang?

Jeg har kone og tre barn: yngste dattera Astrid er fire år gammel og går i Fredheim barnehage. Åtte år gamle Signe og 10 år gamle Peter går på VBU. Klart at det var en overgang for de å flytte, spesielt for de to eldste, som hadde et miljø og venner der vi kom fra. Det er ikke enkelt og dra fra klassen, bestevenner og familie. Vi bodde på en familiegård, hvor jeg hadde vokst opp og hadde stor familie rundt oss. Nå trives barna veldig bra i Vang. Mina hadde et nettverk her før vi kom, og var veldig god tatt imot av venner og kollegaer.

Vi leier en gård ved Laglim og vi hadde med oss fire hester og ca. 25 høner. I tillegg har vi nå en katt, en hund, et par kaniner og ni lam. Mina er veldig glad i dyr og er veldig opptatt av dem.

Rett etter at du startet i jobben fikk du en utfordring. Hvordan har arbeidet ditt vært i koronatiden?

Det var veldig spesielt. Jeg begynte som kommunedirektør i august i fjor. Første halvår var det naturligvis veldig mye nytt, nye mennesker og nye datasystemer, rutiner, nettverk, og oppgaver. Plutselig snudde alt seg på hodet, og det ble krisehåndtering. Da satte vi en krisestab hvor kommunedirektøren ledet krisestaben. Da var der en helt annen hverdag hvor jeg måtte lede kommunen og forberede seg på å gå gjennom pandemien. Det var krevende på ene siden, men på den andre siden fikk jeg bruke erfaringen og kompetansen jeg hadde fra Forsvaret: å lede en gruppe gjennom en krevende tid. Kriseledelsen har fått gode tilbakemeldinger på hvordan situasjonen ble håndtert, men som jeg sa, var det

veldig spesielt for alle og for meg som en helt fersk kommunedirektør.

Hva er dine mål for Vang og Vang kommune i årene framover?

Det er det store spørsmålet. Jeg har jo tanker om at den store visjonen i Vang kommune er at Vang kan være et godt sted å bo, vokse opp og bli gammel. Hvis man spør om hvordan vi kan komme dit, er det vanskelig å unngå begrepet bærekraftig utvikling. FNs 17 bærekrafts mål skal legges til grunn i kommunal planlegging. Det er verdens felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikhet og stoppe klimaendringene innen 2030. Målene er delt i tre grupper: økonomisk, sosial og miljømessig bærekraft. Alle disse tre målområdene er viktige. Vi kan ikke jobbe med alle 17 målene samtidig, vi må prioritere hva som er viktig for Vang. Dette er noe vi jobber med hver dag i kommunen, og videreutvikler for å få Vang kommune til et fint sted å leve i.

Hva gjør du i fritiden?

Jeg har ikke veldig mye fritid om dagen. Det går en del tid på jobb. Det er ganske travelt hjemme, jeg følger opp barna på mange forskjellige aktiviteter. Det tar litt tid. Det er så mange fine tilbud her i Vang man kan drive med. I går var jeg på klatring med jentene. I morgen er det fotballkamp i Øystre Slidre. På torsdag skal jeg på yoga. Snart er skisesongen i gang. Jeg liker å være i naturen, gå tur, plukke bær, rett og slett å være ute. Selvsagt tar det litt tid å stelle dyr og plassen der vi bor. Det er så mange tilbud her i Vang at man må bare velge noe, og prøve å få det til.



Bruk bygdas egne bedrifter

Ala Camping	93 42 94 02	Kvismo Sag AS	61 36 81 85
Alle Gode Ting Er Tre	48 09 59 48	Mjøsvang Kafe	99 56 70 54
Bøflaten Camping AS	61 36 74 20	Ola Grøv – kontor og regnskap	61 36 77 13
Bjørke Direkt, v/ Eivind Dahl	91 79 71 97	Pelssau, Bente Wangensteen	99 71 43 18
Bjørn Hammerstad Transport	90 84 15 00	Rogn Bil og landbruk	
COOP PRIK avd. Fjellvang	61 36 75 30	v/Odd Harald Rogn	61 36 82 16
Egges Mekaniske AS	91 19 29 14	Ryfoss Bensin & Service	61 36 82 30
Elektrisk Installasjon AS,		Ryfoss Betong A/S	61 36 44 00
v/Kjell Arne Dalåker	61 36 70 56	Ryfoss Treningsenter	48 12 42 52
Elektromontasje,		Sørre Hemsing	61 36 72 70
v/Vidar Wangensteen	48 26 73 64	Tveitabru Bygg AS	61 36 81 02
El-Montøren AS v/Tørres Helle	90 96 83 00	Tyn Filefjell Skihaiser	46 66 56 65
El-Tjenester, Stein I. Sæternes:	99 55 18 17	Tyn Filefjell Utvikling AS	61 36 77 48
Filefjell Kjøpesenter,		Tyinkryset Fjellstue AS	61 36 78 00
v/Arnfinn Hermundstad	61 36 77 17	Tynlam	99 46 61 15
Fosse Frisørstudio	94 89 12 05	Valdres Gjensidige Brannkasse	61 36 07 11
Grindaheim Bygg &		Valdres Gravsteinsindustri	95 17 55 95
Restaurering v/ Bøye Kvale	91 30 13 14	v/Jon Magnus Hjelle	
Harald Thomas Jevne, Tømrer	48 29 29 06	Vang Auto-service AS	61 36 75 00
Haukåsen Solvis Saum	95 91 55 06	Vang Bunadsaum	61 36 70 37
Heen Tre - Nils Harald Heen	90 93 29 57	Vang Bygg AS v/John Myhre	97 51 95 37
Hemsing Maskin AS	99 23 03 36	Vang Grave- og Transport-	
IngWi modell	91 78 01 38	service AS	95 87 90 04
Ingridesign: logo & layout	91 71 05 40	Vang Maskin AS	91 10 19 28
Intersport Filefjell AS	61 36 73 46	Vang Rør	99 52 22 22
Joker Ryfoss AS	61 36 80 77	Valdres Sparebank, Vang	61 34 36 00
Jotun Bygg AS	99 69 06 30	Øye Bygg og Bo AS	61 36 87 68
Jotun Kraft AS	61 36 75 50		
Kampenes Begravelsesbyrå	61 36 17 70		

Stiftinga for Torgeir Førs minne

Stiftinga Torgeir Førs minne deler ut midlar til personar som tek kristen utdanning og til ungdom som deltek på kristne leifar eller kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkja. Søkjarane må vera frå Vang eller Vestre Slidre. Søknad kan sendast til:

Torgeir Førs minne, Ellestadvegen 34, 2967 Lomen
eller e-post: torgeirforsminne@yahoo.no

MENIGHETSBLAD FOR VANG

Utgjevar:

Sokneråda i Vang

Redaksjon:

Sidsel Offergaard Jevne, Jovita Budvytiene, Ragnhild Hovda,
Ivar Hemsing,
Ingebjørg Vik Laugaland.

Redaktør:

Ingebjørg Wigdel
vangmenighetsblad@gmail.com

Rekneskap:

Kyrkjeleg fellesråd
Kontonummer: 2146.30.04444

Merk:

Bladpengar kr. 200,- og oppover
Annonse kr. 200,- pr. år

Trykkes i 900 eks. fullfarge.



Kondolansekort

Kondolansekort er å få kjøpt hjå Coop Fjellvang, Bygger'n Øye, Joker Filefjell og hjå Vang Autoservice.

Helsing
Vang og Øye
Sokneråd



Høre sokn

Døypt:

21.06: Lise-Maria Tveit
23.08: Sivert Skjønhaug Lalim
23.08: Theo Skeie-Garvik

Vigsel:

15.08: Janne Merete Kvien og Simon Pahle

Døde:

03.07: Gunnar Lokreim
31.07: Anne Gudbrandsen
25.09: Ola Jørgen Veflen

Heensåsen sokn:

Vigsel:

15.08: Renate Tennevoss Hovda og Kim André Kopperud Olsen

Vang sokn

Døypt:

19.07: Ask Buajore Skøre
09.08: Jonas Remmen Jægersborg
13.09: Frida Buajore Sandved

Døde:

17.07: Berit Wangensteen Haugen
22.07: Ingeborg Loe Valstad
12.08: Anna Ragnhild Brattebråten Berge

Øye sokn:

Døypt:

21.06: Isak Brekke-Dervola

Død:

19.06: Sigrid Skogstad

Kondolansekort

Kondolansekort kan kjøpast hjå Arne Straum og hjå Joker Ryfoss.

Helsing
Heensåsen og Høre
sokneråd



Gudstenesteliste

Søndag 1.11.2020 Helgemessesundag

Heensåsen kyrkje kl. 19:00

L: Ingebjørg Vik Laugaland

O: Artur Budvytis Kl: Solveig Heimlid

Onsdag 04.11.2020

Vang kyrkje kl. 10:30 Morgonsong

L: Ingebjørg Vik Laugaland

O: Artur Budvytis

Søndag 08.11.2020 23. s. i treeinings-tida

Øye kyrkje kl. 11:00

L: Ingebjørg Vik Laugaland

O: Artur Budvytis Kl: Ola Bøland

Søndag 22.11.2020 Siste s. i kyrkjeåret

Høre stavkyrkje kl. 11:00

L: Ingebjørg Vik Laugaland

O: Artur Budvytis Kl: Geir Kongslien

Søndag 29.11.2020 1. s. i adventstida

Vang kyrkje kl. 11:00

L: Ingebjørg Vik Laugaland

O: Artur Budvytis Kl: Helge Lajord

Onsdag 09.12.2020

Vang kyrkje kl. 10:30 Morgonsong

L: Ingebjørg Vik Laugaland

O: Artur Budvytis Kl: Helge Lajord

Søndag 13.12.2020 3. s. i adventstida

Vang kyrkje kl. 19:00 Lysmesse

L: Ingebjørg Vik Laugaland

O: Artur Budvytis Kl: Helge Lajord

Torsdag 17.12.2020

Øye kyrkje kl. 19:00

L: Ingebjørg Vik Laugaland

O: Artur Budvytis Kl: Ola Bøland

Fredag 18.12.2020

Vang kyrkje kl. 10:00 Skulegudste-neste

L: Ingebjørg Vik Laugaland

O: Artur Budvytis Kl: Helge Lajord

Mandag 21.12.2020

Heensåsen kyrkje. kl. 19:00

L: Ingebjørg Vik Laugaland

O: Artur Budvytis Kl: Solveig Heimlid

Onsdag 23.12.2020

Vangsheimen kl. 13:00

L: Ingebjørg Vik Laugaland

O: Artur Budvytis Kl: Helge Lajord

Sjå nettsida vår for meir info:
kyrkja.no/vang



Soloppgang på Slettefjell

Solefallsmesse – under Guds himmel

Det har vært, og er, et veldig spesielt år. Covid-19 har satt sitt preg på kirken og mange av de tradisjonene vi kjenner så godt og har tilhørighet til. I år var det vanskelig å arrangere stølemesse i Høre Sokn, og derfor kom soknerådet med ideen om solefallsmesse på Slettefjell.

Vi er mange som kjenner på en ekstra ramme rundt vår tro i møte med fjell, natur og under åpen himmel, og ikke minst – i fellesskap med andre.

Dette arrangementet ble nemlig også starten på et nytt samarbeid mellom Høre og Hensåsen Sokneråd. Steinar Frøyen, leder i Hensåsen Sokneråd, laget et flott skilt i tre!

Det gleder vi oss til vi kan bruke. Vi dro opp på Slettefjell dagen før for å legge

grunnlaget for det som skulle bli et alter i stein. Lørdag kveld var det et fantastisk vær og vi kjente på gleden over dette nye arrangementet og samarbeidet. Dessverre ble det regn søndag ettermiddag, så Solefallsmessa ble flyttet inn i Høre Stavkyrkje. Men fellesskapet! - det tok vi med oss inn i den vakre stavkirken vår. Og fellesskapet tar vi med oss i det vi gleder oss til neste år, og en ny sjanse for Solefallsmesse i 2021.

Marta Bjørnøy Lalim

Elektrisk Installasjon

Aut. Inst. Kjell Arne Dalåker

61 36 70 56 // 41 60 94 78

post@elektriskinstallasjon.no

elektriskinstallasjon.no

- har betalt denne utsendinga av

VANG MENIGHETSBLAD